



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Referat frå møte i Ikornnes Sokneråd 20.11.2019

Stad: Ikornnes kyrkje kl. 20.00.

Til stades: Ingmund Eliassen, Magnar Vigstad, Erlend Lunde, Bergljot Hjortdal, Janita K Eikemo, Ellen B Vatne, Anita Øvergård

Forfall:

Sak 25/19 Godkjenning av innkalling

Ingen innvendinger.

Sak 26/19 Val

Representant Kirkens Nødhjelp/fasteaksjonen: Janita K Eikemo
(Ina Grøvik har tilbudt seg å hjelpe til i oppstarten)

Vara til fellesrådet: Ingmund Eliassen

Sak 27/19 Skal første vara møte på soknerådsmøta?

Nei, ikkje automatisk.

Sak 28/19 Formaliteter på soknerådsmøta

Vi tilpasser møta våre til Fellesrådet sine, så tar vi våre møter ca veka før.
Soknerådsmøta er i utgangspunktet åpne møter, og alle i soknet kan komme.
Vi kan opplyse i gudstenesta under «kunngjeringer» om når tid det neste møtet er.

Sak 29/19 Vasking av kyrkja

Kyrkja blir vaska ein dag i veka, på torsdagar.

Vi opplevde at kyrkja var leigd ut til korkafé utan tilstrekkeleg reinhald.

Erlend informerte om at han har meldt dette som avvik til kyrkjeverjen. Dette for å unngå at det skjer igjen.

Sak 30/19 Bruk av kjøkken

Ikkje alt som er 100% ferdig enno:

- Mangler dør mellom salen og kjøkkenet, samt en «rampe» til overgang på golvet under døra.
- Mangler alle bretta til kombidampovnen.
- Må ha på plass laminerte oppslag vedr oppstart og bruk av oppvaskmaskin og steikeovn. Få på plass merking på skap og skuffer.
- Der er også to flekker på veggen inne i salen som mangler maling etter at varmepumpa vart flytta. Dette må flikkast over – står maling på bakrommet.
- Og så må lerretet flyttast – der det heng no så kolliderer det med trafikken frå kjøkkenet inn til salen.

Erlend vil snakke med kyrkjeverjen om hjelp til å få på plass dette.



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Per Blakstad har sagt at han vil ta ansvaret for å få legge resten av flisene på «bakrommet», men vil ha med seg ein medhjelpar. Ingmund el Magnar stiller seg til disposisjon.

Sak 31/19 Kyrkjedagane 2020

Vi må få tak i opplysningar frå tidligare Sokneråd om kva dei gjorde / innkjøp osv. Den opprinnelige datoен kolliderer med Ekornes Cup, så vi bestemmer at Kyrkjedagane 2020 blir 28.02. – 01.03. Er innmeldt til Kulturkalenderen.

Vi satser på nokonlunde samme opplegg som for 2019.
Det vert loddosal «på bok» i forkant, vi starter arbeidet med å skaffe gevinster.

Sak 32/19 Oppussing av toalett

Det er eit skrikande behov for å gjere noko inne på disse to romma.
Meir lys, meir varme, nytt golv og ny farge på veggane.
Også eit skikkelig stellebord må på plass.

- a. Kan ta ei lett «oppshining» med litt flikking og justering
- b. evt meir omfattande med varmekabler i govlet / fliser, baderomspanel på veggane + +

Kva budsjett har vi å gå ut frå? Søke om midlar i Fellesrådet. Må vere eit mål å få gjort dette i 2020.

Sak 33/19 Bod ved trapp

Magnar og Ingmund tek på seg å få sette opp fleire hyller til oppbevaring – slik rommet står no er det ganske uteneleg.

Sak 34/19 Eventuelt

Vi fekk ei oppsummering frå møtet i Fellesrådet 19.11. av Bergljot og Ellen.

Juletrefest 5. juledag (29.12.) kl 17.

Erlend og Rose organiserer vanlegvis. Soknerådet hjelper til med å rigge salen, koke kaffi og lage godteripakker til borna. Vi må ha en pianist om Rose ikkje kan... Ellen B Vatne(?)

Kyrkja ordner annonsering i Sykkylvbladet.

Neste møte vert 8. januar kl 20.00 i kyrkjekjellaren på Ikornnes.

Vi må kalle inn 1. vara då Ingmund ikkje kan møte denne dagen.

Foreløpige saker til neste møte:

Økonomisk oversikt Ikornnes Sokn

Utleige av kyrkja / kjellaren

Kyrkjedagane – informasjon og opplegg

Fasteaksjonen 29. – 31.03.2020

Skrivar, Anita Øvergård